

Hytta Fjelly kan brukast av alle - fastbuande og tilreisande.

24.07.2018



Fjellhytta Fjelly ved Mannsvatnet kan leigast av alle, fastbuande, tilreisande gjester og turistar.

**Uskedal ungdomslag eig og leiger ut hytta Fjelly ved Mannsvatnet. Hytta er open for alle og kan brukast etter avtale slik det kjem fram på Uskedalen.no under fana lag og organisasjonar, Ungdomslaget, i venstre kolonne. Leiga er kr. 400,- pr. døgn. Med i prisene er overnatting, bruk av båt, garn og aggregat.**

Ungdomslagshytta Fjelly er den første hytta som vart bygd ved Mannsvatnet. Det var alt i 1917. Seinare kom det flere hytter til. Den store renoveringa på 1960 talet med naust og båt la grunnlaget for auka bruk og større interesse.

I perioden 1997 til år 2000 vart hytta påbygd og vølt på nytt. Det vart soverom og sengeplassar med plass til to familiar. Fram til 100 års jubileet i 2017 vart det enno ein gong gjort eit storarbeid med mellom anna isloering, nytt kjøkken og ny bordkledning. I dag står hytta fram som ei god fjellhytte som er godt brukande i alt slags vær.

***Det er viktig å få fram at hytta er open for alle, fastbuande og tilreisande. Ta kontakt med hyttestyret v/ Janne Yri på telefon: 930 33 973***

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Hytta har nytt kjøkken og to soveavdelingar.